



Tippetue Arkitekter AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1590 - 15/17544

Saksbehandlar:

Bjarte Buanes

bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:

23.09.2015

## Godkjenning - søknad om endring av gitt løyve for nye ansvarsrettar tilknytt byggjetiltak på blokk 1 på gbnr. 23/509 i Meland kommune

**Administrativt vedtak. Saknr: 345/2015**

### Saksutgreiing

Det vert vist til søknad mottatt 7.7.2015 om endring av gitt byggjeløyve for oppføring av lågblokk 1 på gbnr. 23/509 i Meland kommune.

Endringa gjeld godkjenning av nye ansvarsrettar for uavhengig kontroll (KONT) av prosjektering (PRO) og utføring (UTF) av sprinklaranlegg i nemnde byggverk, jf. søknad frå VVS Planlegging AS (org.nr. 995 197 731) av 26.6.2015.

### Vurdering

VVS Planlegging AS er sentralgodkjent som ansvarleg føretak for overordna uavhengig kontroll i tiltaksklasse 3. Det følgjer dertil av Saksbehandlingsforskriften (SAK10) kap. 9 at kommunen skal tildele ansvarsrett utan nærmare vurdering når sentralgodkjenninga dekkjer ansvarsområdet det vert søkt om ansvarsrett for.

Nye ansvarsrettar vert på denne bakgrunn godkjent som omsøkt.

### Vedtak

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

*I rammeløyve av 26.9.2013 i DNT-sak 169/13 (arkivsakID 14/1590) og etterfølgjande igangsettingsløyve (IG) i same sak vert det gjort følgjande endring med omsyn til godkjenning av føretak for ansvarsrettar:*

*I samsvar med søknad dagsett 26.6.2015 godkjenner Meland kommune føretaket VVS Planlegging AS (org.nr. 995 197 731) for ansvarsrett som uavhengig kontrollerande (KONT) av prosjektering (PRO) og utføring (UTF) av sprinklaranlegg i lågblokk 1 på gbnr. 23/509, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) §§ 23-1, 21-3 og § 23-7.*

*For tiltaket gjeld elles dei krav og vilkår som følgjer av nemnde rammeløyve og IG.*

*Om grunngivinga for vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga over.*

\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneloven § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er mottatt. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for kommunen si handsaming av søknaden om endring av gitt løyve vert ettersendt, jf. høvesvis pbl. § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Ettersom gebyret er fastsett ved forskrift kan det ikkje klagast over at det vert kravd gebyr eller over storleiken på gebyret, jf. Forvaltningsloven §§ 3 og 28. Det kan likevel klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med venleg helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes  
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakere:**  
Tippetue Arkitekter AS